



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjebø sokneråd

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd

Møtedato: 15.09.22

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Ellinor Henjesand Austreim, Aud Kjersti Haugen,

Meldt forfall : Andreas Ester. **Møtte ikkje** : Anna Sofia Høvik.

Kopi av møteboka går til: Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste: Ok.

Godkjenning av referat frå møtet 12.05.22.: Godkjent, med merknad : Ellinor hadde ikkje fått referatet tilsendt.

Sidan sist:

17.mai: Gudstenesta gjekk greitt Det var ulike tidspunkt i programma til 17. mai-nemnda og kyrkja. Viktig å vere i dialog med nemnda tidleg. Det er ynskjeleg at korps og kor kan delta i gudstenesta.

Måren friluftsgudsteneste: Gjekk greitt. 15 stk. frammøtte.

Konfirmasjonar på Kyrkjebø og i Vadheim: Gjekk greitt. Vikar for kyrkjetenar på Kyrkjebø.

Opa kyrkje: Vart godt motteke av publikum og musikantane gjorde ein fin jobb. Fortset neste år.

Gudsteneste med dåp i sommar: Lite folk utanom dåpsfylgjet, så kyrkjekaffi vart sløyfa.

Friluftsgudsteneste Vadheimstølen: vart avlyst p.g.a. mykje regn.

Konfirmantpresentasjons gudsteneste: Vellukka. Neste år vert det ikkje konfirmasjon på Kyrkjebø, Her er ein konfirmant og han ynskjer å konfirmere seg i Høyanger.

Kaffigudsteneste i Vadheim : Konfirmantane stilte og var med å deltok. Fin gudsteneste

Kulturnemnda for bruk av pengane etter stiftinga Kyrkjelydshuset, har hatt møte, og det vart referert derfrå. Soknerådet må komme med «bestilling» på kva dei ynskjer å bruke midlar på, som konsertar, puter mm.

Når det gjeld puter vert det arbeid vidare med form, farge og innhenting av pris.

Postlista: Leiar gjekk gjennom postlista.

Meldingssaker:

220020: Innspel til budsjett for 2023 for fellesråd og sokneråd.

Soknerådet vil halde fast på prioriteringa som var gjort i tidlegare møte. Jfr. Sak 0014/21.

med div. arbeid på Vadheim gravplass først. Det kom og innspel på at eit av trea på Kyrkjebø gravplass truleg er dødt og må fjernast.

Vasskraner på toalett og teknisk rom i Kyrkjebø kyrkje manglar kaldt vatn no.

Her må røyrleggar på plass.

220021: Trusopplæring i vårt sokn hausten/vinteren 2022/2023.

Soknerådet vil komme med desse innspela til nemda: Ein bør engasjere lokale personar. Heike er spurt om å gjere noko . Irene kan og vere med, ho ynskjer ikkje å jobbe åleine der. Kan vere aktuelt å spørje to til, som begge tidlegare har vore med i trusarbeidet. Det er no små kull framover så samarbeid med fleire sokn vil vere nødvendig.

Vedtakssaker:

Sak 0015/22: Spørjeundersøkinga

- Kva kan me lese ut av svara ?

Det er i underkant av 50 svar, som er lite grunnlag å trekke store slutningar av. Mange nøytrale svar. Og hovudtyngda av svar personane er godt voksne.

Nokre umiddelbare utsagn:

Det er ynskjeleg med aktivitetar for born og unge.

Folk vil ha meir kjende salmar. Folk føler seg godt mottekne i kyrkja.

Ynskjeleg med fleire samlingar som kulturarrangement.

Få ynskte å stå på liste til soknerådsval.

- Korleis kan me imøtekome dei ynskje/den kritikk som kjem fram?

Arrangere kveldar med ulike innhold som salmekveld, orgelkonsert mm.

- Korleis presenterer me resultatet for soknet ?

Vedtak:

Soknerådleiar skriv eit meir utførleg samandrag av svara, og dette vil bli lagt fram på ei kaffigudsteneste i Vadheim, og på eit arrangement/salmekveld på Kyrkjebø. Det vert og skrive om i Helgestunder.

Sak 0016/22: Gudstenesteplanen så langt den er klar.

Soknerådet har lite innverknad her sidan den er gjort klar for trykking i Helgestunder allereie.

Soknerådet ynskjer desse endringane:

Det er to tette gudstenester på Kyrkjebø, og vi vil stryke 04.12. og heller ha ei skulegudsteneste her nær denne datoen, eller evt ei gudsteneste på sjukeheimen. Innspel frå Lavik om å bytte klokkeslett med Kyrkjebø for lysmessene den 27.nov. er OK for oss. Gudstenesta den 16/11 manglar stad den skal vere på, men er vel truleg i Høyanger.

Vedtak:

Soknerådet tilrår planen for gudstenester for resten av året med endringane nemnt ovanfor.

Sak 0017/22: Årshjulet/Arrangement hausten 2022.

Soknerådet gjekk gjennom årshjulet for resten av året.

Vedtak:

Soknerådet ynskjer å skipe til orgelkonsert 23. nov. og ein salme/musikk kveld 19. okt.

Soknerådsleiaren tek kontakt med kantor og andre aktuelle aktørar.

Soknerådsleiar set opp framlegg på kyrkjevertar og offer-føremål.

Sak 0018/22: Ymse.

Løkane som vart tekne vare på i vår må plantast ut på kyrkjegarden før frosten kjem. Kari organiserer det. Dugnadar må vere planlagde i forkant. Det kan med fordel vere fleire dugnader i året.

Forsongargruppa vil gjerne ha salmenummer og datoar tidleg så dei kan planlegge kva tid dei kan vere med. Kantor bør sende dette ut direkte til kvar einskild av dei.

For Kyrkjebø Sokneråd

Irene Aase Aarseth